

Sakshandsamar: Ingvild Andersen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/8820-2

Regionale utviklingsmidlar 2015 - fordeling 3

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane får kr. 65 000 i tilskot til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar.
- 2 Framtidsfylket AS vert støtta med kr. 200 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.
- 3 Hovudutvalet godkjenner det endra opplegget for «Tredrivaren». Det vert teke atterhald om forhandling av avtaler mellom partane.
- 4 Leggbit AS vert støtta med kr. 100 000 til vidare arbeid med filmprosjektet «Hemnen». Tilskotet vert gitt med atterhald om at Hyllestad kommune yter sin del av finansieringa.
- 5 NIBIO vert støtta med inntil kr. 300 000 samla i forskingsmidlar til jordbruk og matindustri i perioden 2016-2020. Det vert teke atterhald om at dei andre vestlandsfylka også støttar søknaden.
- 6 Matarena AS vert støtta med inntil kr. 150 000, til prosjektet «Smak av kysten». Dette under følgjande føresetnadar:
 - At Hordaland fylkeskommune bidreg med omsøkt sum etter budsjettet.
 - At budsjettposten for direkte reisestøtte til bedrifter frå Sogn og Fjordane vert auka frå kr. 18 000 til kr. 50 000.
- 7 Flora kommune får eit tilskot på kr. 525 000 til vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen *Bu i Sunnfjord* til ein nettportal for heile Sogn og Fjordane.
- 8 Fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen for 2015-2017.
- 9 Avdelingane for plan- og samfunn og næring får tilleggsbevilling til prosjektet Marine Grunnkart pålydande kr. 39 650.
- 10
 1. Tilskot til Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane, Framtidsfylket AS, Flora kommune, Leggbit AS, Matarena AS og NIBIO vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2015/utviklingsfond næring.
 2. Utviklingsavtalen vert finansiert over budsjett 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
 3. Tilleggsløyving til prosjektet Marine Grunnkart vert finansiert med midlar frå Marint Verdiskapingsfond.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 11 Norsk Sjøfuglsenter får ei løyving på kr. 100 000 for å omstille drifta og finne fram til tenlege organisasjonsformer for aktivitetar som skal førast vidare.
- 12 Firda vidaregåande skule får løyving på kr. 200.000 totalt for åra 2015-2017 til å utvikle eit nytt fag i klima og miljø i den norske skulen.
- 13 **1.** Tilskot til Norsk Sjøfuglsenter vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid.
2. Tilskot til Firda vidaregåande skule vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7163 Klima og miljø.

Vedlegg:

- 1.Søknad frå UE og HiSF
- 2.Søknad frå Framtidsfylket
- 3.Søknad frå Leggbit
- 4.Søknad frå NIBIO
- 5.Søknad frå Matarena
- 6.Søknad frå Flora kommune
- 7.Avtale mellom Vestlandsforskning, HiSF og fylkeskommunen
- 8.Søknad frå Norsk Sjøfuglsenter
- 9.Søknad frå Firda vgs

SAKSFRAMSTILLING

Saker som gjeld tildelingar av midlar frå plan og næring sitt budsjett i regional utvikling. I denne saka vert søknader og løyvingar til fylgjande tiltak handsama:

1. Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane-midlar til studentbedrifter	4
2. Støtte til fylkesdekkjande karrieremesser	6
3. Tredivar-Endring av opplegg	8
4. Søknad til filmprosjektet «Hemnen»	9
5. NIBIO-Forskningsmidlar til jordbruk og matindustri	12
6. Tilskot-Fiskehandlarnettverk i «Smak av kysten»	13
7. Utvikling av nettportalen-Bu i Sogn og Fjordane.....	15
8. Avtale mellom Vestlandforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015-2017	17
9. Tillegsløyving til eksisterande prosjekt marine grunnkart	19
10. Midlar til midlertidig drift av Norsk Sjøfuglsenter	20
11. Søknad om tilskot til prosjektet Grøn skule.....	21

1. Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane - søknad om midlar til studentbedrifter

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

1.1 Bakgrunn

Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane søker om kr. 65 000 til å vidareutvikle arbeidet med entreprenørskap.

1.2 Nærare omtale

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF) har over fleire år arbeidd med å utvikle programmet studentbedrift i eigen institusjon. Dette har vorte gjort i nært samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og andre aktuelle samarbeidspartar. Arbeidet har gitt resultat i form av fleire studentbedrifter på avdeling for lærarutdanning og idrett, ingeniørfag og helsefag.

I alt 65 studentar ved HiSF bachelorstudiet på idrettsfag har fått ei innføring i faglege tema rundt entreprenørskap skuleåret 2014 / 2015. Tilbakemeldingane frå desse studentane, basert på deira egne erfaringar med studiet, er gode. 13 av desse studentane gjekk vidare ved å etablere egne studentbedrifter. Dei omsøkte midlane i denne søknaden er tenkt som ein stimulans i høve til kvalitetsheving og spreining av studentbedriftsprogrammet internt på HiSF. Når programmet er meir etablert ved skulen, som følgje av dette prosjektet, vil HiSF stå for vidare drift og gjennomføring i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Prosjekt mål

Kvalitetsheving og spreining av studentprogrammet internt på HISF.

Forankring

Prosjektet er forankra i vedtekne fylkeskommunale planar for entreprenørskap og nyskaping. I tillegg er dette forankra i Ungt Entreprenørskap sine handlingsplanar for entreprenørskap i opplæringa og leiinga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane si entreprenørskapssatsing.

Tidsplan

- Frist 1. november : Arbeid med forretningsidé, forretnings plan og etablering / registrering av studentbedrift.
- November - 1. mai : Drift og utvikling av etablerte studentbedrifter
- 30. november : Studentbedriftene presentera ideane sine for lokalt virkemiddelapparat og får tilbakemeldingar og råd for vidare utvikling
- Mai - 1. juni : Avvikling av studentbedriftene for dei studentane som har avsluttande studium, erfaringsutveksling og refleksjon.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
Frikjøp av tilsette ved HiSF	96 000					96 000
Sum kostnad	96 000					96 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
Eigeninnsats HiSF	31 000					31 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015	65 000					65 000
Sum finansiering	96 000					96 000

1.3 Vurdering

Prosjektet er enno i ein utviklingsfase og dette er ein søknad om midlar til å auke kvaliteten i arbeidet med studietilbodet innan entreprenørskap på HISF. Fylkesdirektøren meiner at arbeidet med entreprenørskap også innan høgare utdanning er viktig og at tiltaket treffer godt innanfor det som er formålet med utviklingsmidlane. Studentbedrifter kan vere med på å styrke kontakten mellom næringsliv og høgare utdanning. Tiltaket er forankra innan temaet nyskaping i Verdiskapingsplanen.

1.4 Tilrådning

Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane får kr 65 000 i tilskot til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar.

Tilskotet blir dekkja med disponible midlar frå utviklingsfond-næring.

2. Søknad om støtte til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Trondhiem og Oslo i 2016

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

2.1 Bakgrunn

Framtidsfylket AS vil i 2016 arrangere karrieremesser for Sogn og Fjordane i byane Oslo, Trondheim og Bergen, og søker i den samanheng om kr. 200 000 i støtte. Dette blir tiande gong Sogn og Fjordane organiserer eigne fylkesdekkjande karrieremesser i desse studiebyane.

Historikk

Fylkeskommunen har tidligare støtta messene slik:

2015: Bergen, Oslo og Trondheim: kr. 200 000.

2014: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr. 225 000. Workshop knytt til messa i Bergen kr. 17 350.

2013: Bergen og Oslo: Kr. 215 000.

2012: Bergen og Trondheim: Kr. 115 000.

2011: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr. 150 000.

2010: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr. 125 000.

2.2 Nærare omtale

Karrieremessene er over tid innarbeidd som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet. Prosjekt målet er å auke tilflyttinga til Sogn og Fjordane, samt styrke omdøme til fylket. Responsen har vore bra alle dei åra messene har vore arrangert.

Målgruppa, unge vaksne under utdanning eller nyutdanna, står i fokus ved val av marknadsføring og gjennomføring av messene. Arrangøren ynskjer å formidle kva fordelar ein har ved å etablere seg i Sogn og Fjordane. Som avslutning på messen i Bergen ynskjer arrangøren å invitere standhaldarane til felles middag, med tanke om å styrke nettverk blant fylkets næringsliv.

Arrangøren oppgir at fleire verksemder rapporterer om tilsettingar som følgje av kontakt etablert på messene. Messene bidreg til positiv profilering av fylket og til å auke kunnskapen om jobbmarknaden.

Tidsplan

- Program for karrieremessene og val av stad ferdig medio september.
- Påmeldingsskjema sendt ut til bedrifter medio september.
- Frist for påmelding 1.desember 2015.
- Marknadsføring av messene: kontinuerlig frå august 2015 til primo februar 2016.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
Administrative kostnader		525 000				525 000
Bergen 10.februar		425 500				425 500
Fornyng av konsept		100 000				100 000
Marknadsføring		396 500				396 500
Oslo 4.februar		219 300				219 300
Trondheim 28.januar		308 250				308 250
Sum kostnader		1 974 550				1 974 550

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
Eigendel bedrifter		1 384 550				1 384 550
Regionråda x4		240 000				240 000
Sparebankstiftinga		150 000				150 000
Tilskot frå fylkeskommunen		200 000				200 000
Sum finansiering		1 974 550				1 974 550

2.3 Vurdering

Framtidsfylket gjer eit viktig arbeid med å leggje til rette for rekruttering av unge vaksne til bu- og arbeidsmarknaden i Sogn og Fjordane. Tiltaket kan forankrast i Fylkestingets uttalte hovudutfordring; folketalsutviklinga. Framtidsfylkets karrieremesser gagnar heile fylket med tanke på bu- og arbeidsrekruttering, og det er eit viktig bidrag i konkurransen om kvar unge vaksne skal velje å busette seg. Dei distrikts- og regionalpolitiske verkandene vurderast i dette tilfellet som viktigare enn at prosjektet har fått støtte meir enn fem år.

2.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å støtte Framtidsfylket AS med kr. 200 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim 2016.

Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2015/utviklingsfond næring.

3. Tredrivar – Endring av opplegg

(Sakshandsamar: Jan Heggheim)

3.1 Bakgrunn

Hovudutvalet løyvde i HPN-sak 22/13 kr. 850 000 til prosjekt «Tredrivar».

Prosjekt «Tredrivar» vart etablert i 2013 med ei total prosjektramme inklusiv tilleggsøyvingar på kr. 2,5 millionar. Det vart finansiert for ein treårsperiode (2013, 2014 og 2015) av landbruksavdelinga til Fylkesmannen, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. Kontorstad for tredrivaren vart Innovasjon Norge, som også hadde arbeidsgjevaransvaret.

Den tilsette i stillinga var sjukemeld over lang tid og arbeidsforholdet vart avslutta formelt første halvår 2015. Det har som følgje av dette vore lite aktivitet i prosjektet, sjølv om det har vore etablert nokre tiltak via reserveløysingar. Ulempa er at prosjektdeltakarane ikkje føler at vi har fått prøvd ut prosjektet tilstrekkeleg.

Der står att ca kr. 1,5 millionar unyttta midlar i prosjektet.

3.2 Ny løysing

Prosjektdeltakarane ynskjer å nytte dei unyttta midlane til å prøve ut ordninga, og har funne ei løysing der Ingunn Kjelstad, som begynner i jobb hos firma Sfiinx AS i desse dagar. Sfiinx er ein del av Hellenes-gruppa, og skal drive utvikling. Kjelstad kjem frå stillinga i Sogn og Fjordane skogeigarlag og er røynd i arbeidet med skog og tre som ressurs. Ho er dessutan ei kvinne med dokumenterte resultat med tanke på framdrift.

Sfiinx og Hellenes arbeider no med ulike prosjekt som mellom anna inkluderer trevirke som ressurs. Kombinasjonen er optimal for prosjekt «Tredrivar». Kontorstad er tenkt Hellenes, og både Hellenes og fylkeskommunen er innstilt på å finne ei løysing med deling av kontorkostnader mm.

Det blir lagt opp til eit engasjement på to år, med ei stilling mellom 50 og 75%. Både kombinasjonen av person og miljø elles, at det er ei deltidstilling, og at det er tidsavgrensa, gjer at vi meiner stillinga ikkje eignar seg for utlysing. Fylkesrådmannen eller dei hovudtillitsvalde har ikkje merknader. Prosjektperioden blir utvida til å gjelde ut 2017.

Utan denne løysinga er det lite truleg at vi gjennomfører prosjektet.

3.3 Tilråding

Fylkesdirektøren rår til at hovudutvalet godkjenner det endra opplegget for «Tredrivaren» slik det er skildra, slik at partane får testa ut om denne måten å arbeide på er rett for dette og eventuelt andre saksområde. Det vert teke atterhald om forhandling av avtaler mellom partane.

4. Søknad til filmprosjektet «Hemnen»

(Sakshandsamar: Jan Heggheim)

4.1 Bakgrunn

Leggbit as ved Randi Før Sund søker om kr. 100 000 i tilskot til utvikling av spelefilmen Hemnen. Søknaden er sendt inn 8. juli 2015.

Historikk

Fylkeskommunen har fleire gonger tidlegare støtta Hemnen, først til Sogn Filmsenter ved Randi Før Sund og seinare til selskapet Leggbit. Dette er historia:

- Avslag på søknad om i kr. 247.000 i tilskot i 2014, HPN-sak 76/14
- Kr. 50 000 til deltaking på filmfestival, samt å få avklaringar om deltaking i prosjektet frå sentrale aktørar. Fylkesdirektør for næring si administrative fullmakt august 2014
- Kr. 500 000 til forprosjekt som skulle skissere marknadsmessig og økonomisk grunnlag for gjennomføring av produksjonen, samt kostnader ved sjølv produksjonen. HPN sak 49/11
- Kr. 26 000 til rådgjeving. Administrativt vedtak i 2011
- Kr. 150 000 til forprosjekt. HPN sak 21/10
- Kr. 170 000. HK sak 38/07
- Kr. 100 000 i 1999-2007 frå HK og administrative midlar kultur

Prosjektet har også fått fleire tilskot frå kommunale næringsfond.

4.2 Nærare omtale

Spelefilmen Hemnen er eit vikingdrama der handlinga er lagt til Sogn og Fjordane. Hemnen handlar om kong Magnus Berrføtt og blir fortalt gjennom kvinna han var gift med, Gunnhild frå Vik. Prosjektet er formalisert gjennom produksjonsselskapet Leggbit as, som var etablert mai 2011.

Kostnadsramma er tidlegare opplyst til å vere 120 mill. kr.

Status for prosjektet – og ny søknad

Vi siterer frå søknaden:

Hemnen-prosjektet har sidan 1999 utvikla seg profesjonelt på internasjonalt nivå og heile tida utvida fagstaben i tråd med prosessane. Prosjektet er einaste i sitt slag i landet, og er dermed eit pionerprosjekt. Det er umogleg å spå utviklinga i forkant. Undervegs oppstår uventa eller uforutsette hendingar som gjer at pågåande fase lyt halde fram til prosjektet er klart for neste etappe.

Døme: Hausten 2011 mottok prosjektet 500 000 frå Sogn og Fjordane si næringsavdeling. Formålet var å legge fram prosjektet for investorar. I spranget kom det for ein dag at prosjektet måtte utanlands for å kome vidare, med mindre filmen skulle reduserast til det minimale og ikkje nå målet. Våren 2012 tok eg kontakt med Dublin-miljøet gjennom Ralph Christians, og fekk slik innpass gjennom Edwina Forkin og Vikings-produsenten i Ardmoo Studios som las manuset grundig og ga gode attendemeldingar. Desse tre åra har utvikla både meg og prosjektet. Prosessen såg eg ikkje kome før vi var godt i gang med ein annan opphavleg strategi i 2011. Det betyr at eg som leiar lyt vere årvaken til ein kvar tid for å få med meg rett bør til rett tid. Difor er dette arbeidet særleg krevjande. I denne prosessen har arbeidet med muskarane (byrja 2011) og Mel Gibson (byrja 2014) vore viktige bidrag, som uansett ikkje let seg løyse med ein tlf og eit møte. Slike kontaktar går gjennom fleire menneske og fleire prosessar. Desse har no kome langt, og prosjektet er sommaren 2015 i posisjon til å leggje fram Hemnen for potensielle investorar.

Vi har på sett og vis vore i denne posisjonen ved fleire tidlegare høve, så har eg blitt stilt ovanfor val som går på kva slags produkt eg vil kjempe gjennom nålauget. Eit middelmådig norsk standardprosjekt for ein handfull nordmenn, eller ein skikkeleg vikingfilm for den internasjonale marknaden som verkeleg syner kven kong Magnus Berrføtt var. Ikkje minst kvinna som fortel historia hans og kva rolle Noreg og Sogn og Fjordane spelte på tampen av vikingtida saman med Irland og Storbritannia. Dermed har filmen stor interesse utanom Norden. Prosjektet formidlar norsk, islandsk og britisk/irsk historie, og litt saisk. Filmen har reell potensiale til å vinne publikum og tene pengar. Hemnen formidlar ei historie som regissør (Nils Gaup) og produsent (Fridrik Thor Fridriksson) meiner har eit sterkt internasjonalt nedslagsfelt. Prosjektet har ikkje noko med norsk film å gjere, då det mellom anna er for stort for norske forhold. Hemnen har difor heile tida vore

dratt gjennom eit fylkeskommunalt system saman med noko støtte frå lokale kommunar. Heile apparatet kring prosjektet er eineståande i sitt slag.

Prosjektet har tidlegare møtt investorar saman med Gullik Hansen. Då var ikkje prosjektet kome langt nok med interne prosessar som er skissert ovanfor. Desse er no hamna i slik grad at prosjektet har avtale med Gullik Hansen og Nils Gaup i august 2015 for å presentere prosjektet i noverande form for aktuelle investorar. På same tid ser eg det som konstruktivt å freiste få med BBC (Co-produsent.) Noreg har ikkje eit sjølvstendig filmmiljø som tener pengar. Det er korkje kultur eller tradisjon blant norske investorar/sponsorar å gå inn i filmproduksjon. Samstundes er det mykje pengar i omløp i Noreg. Er det eit land som kan få fram ein film som Hemnen, er det dette landet. Difor må prosjektet stille med dei beste medspelarane som er å oppdrive.

Prosjektet har kome med same ordlyd gong på gong, og kjem likevel atter ein gong med same ordlyd. Det har ikkje noko med stagnasjon å gjere. Men at prosjektet har kvalifikasjonar og held internasjonal standard som gjer at vi må inkludere dei beste moglegheitene og fagfolka. Det tek tid.

Som Før Sund skriv i søknaden vil dei no konsentrere seg om å få fram eit godt prospekt for å marknadsføre prosjektet med vekt på det utradisjonelle både i arbeidsmåten til Før Sund sjølv og prosjektet elles.

I saka til HPN i 2014 var Western Norway Film Commision (WNFC) negative til søknaden, mest på grunn av forventningane til finansiering. Prosjektet er no lagt om og stør seg på WNFC sine tilrådingar om å søkje fullfinansiering via investor før medprodusentar med dokumentert gjennomføringskraft blir valde.

Hemnen har tidligare fått manusutviklingsstøtte frå Vestnorsk Filmsenter på til saman kr. 220 000 i åra 2008, 2010 og 2011, samt bransjeutviklingsstøtte i same periode til møteverksemd. Hemnen har også vore i dialog med konsulent og manusrådgjevar i filmsenteret.

Leggbit AS:

Selskapet er oppført med ein negativ eigenkapital på kr. 343.000, og ei langsiktig gjeld på kr. 255.000, dette vert stadfest å vere betaling frå familie som er ført som ansvarleg lån i balansen. Revisjonsberetning er utan merknad. Eigenkapitalsituasjonen i selskapet blir ikkje tillagt vekt i samband med tilskotet.

Sommaren og hausten 2015 er desse gjeremåla særleg viktige:

- Korrigere siste endringane på manus. Skrive inn nye scener, omsetjast (Nicolas Norris) og vurderast av dramaturg (Kirsten Rask.)
- Møte kontaktperson til Mel Gibson i Dublin. Møte Edwina Forkin, prosjektet sin irske produsent, Dublin.
- Møte Gullik Hansen og Nils Gaup, Oslo.
- Møte muskarane i Dublin/England.
- Lage presentasjonsvideo som kan leggst ut på Youtube og heimesida, Dublin/Downpatrick.
- Oppdatere heimesida, Gasta (Vidar Bondevik.)
- Drift av Leggbit (revisor og rekneskap.)
- Det er ikkje prioritert løn til underteikna.

Kostnadsoversikt august-desember 2015:

Tittel	Sum
Korrigere manus, oversetjar (Nicholas Norris) inkl løn/skatt/arb.g.avg/lønskøyning Visma:	8 500
Dramaturg (Kirsten Rask): Gjennomgang av manus siste korrigering	15 000
Reise/møte Dublin, David Ralph (Mel Gibson) og Edwina Forkin, inkl lage youtube presentasjon, BBC/Belfast	35 000
Møte Gullik Hansen/Nils Gaup Oslo	10 500
Møte, investor/Oslo	10 500
Møte muskarane i Dublin/England	27 000
(Viss England, pluss kr. 9000 for reiseutgifter/opphald Edwina Forkin)	36 000
Oppdatere heimesida til prosjektet, Leggbit.no	12 000
Drift av Leggbit (revisor og rekneskap)	23 000
Løn i mnd, kr. 20 000	100 000

Sum	250 500
------------	----------------

Budsjett august-desember 2015:

Tittel	Sum
Sogn og Fjordane fylkeskommune	100 000
Hyllestad kommune:	50 500
Eigeninnsats (*)	100 000
Sum	250 500

*) Randi Før Sund har ikkje heva løn frå prosjektet sidan juni 2013. Ho er budd på å halde fram med ubetalt innsats til finansieringa er sikra.

4.3 Vurdering**Forankring i satsingsområda til fylkeskommunen og potensial**

Randi Før Sund har jobba med å realisere "Hemnen" over lengre tid. Fylkeskommunen har støtta prosjektet fleire gonger.

Arbeidet med å realisere filmprosjekt og særleg slike store prosjekt er tidkrevjande. Risikoen for at det ikkje lukkast er stor, tilsvarande kan gevinsten dersom det skulle lukkast også vere stor.

Fylkesdirektøren har tidlegare lagt vekt på effekten filmen kan ha på verdiskapinga i fylket dersom den vert realisert. Både når det gjeld inntekter ved ein filmproduksjon og marknadsføringa dersom Hemnen hamnar på kinolerret verda over. Ei realisering av filmen vil både kunne auke verdiskapinga i andre næringar, og samstundes bety mykje for reiselivssatsinga i fylket. Difor har fylkesdirektøren vurdert det slik at det har «vore verdt risikoen» å prøve å hjelpe filmprosjektet vidare mot realisering.

Regelverk

Til sist sak til hovudutvalet sjekka fylkesdirektøren saka opp mot statsstøtteregelverket. I høve reglane for offentleg støtte i EØS avtalen så er audiovisuell produksjon tillaten som følgje av unntaksreglane for støtte til å fremje kultur i EF-traktaten artikkel 87 (3) d. Støtteintensiteten er normalt 50%. Midlane det vert søkt om i dette prosjektet skal på sikt føre til filminnspeling, og dermed vurderer fylkesdirektøren for næring søknaden frå Leggbit as heimehøyrande under denne unntaksregelen. Prosjektet kan dermed støttast med offentlege midlar, og vert ikkje råka av statsstøttereglementet ut frå denne vurderinga.

Ei eventuell støtte frå fylkeskommunen bør ikkje overstige 50% av totalbudsjettet (økonomiske verkemiddel og eige arbeid). Her er det søkt om tilskot som svarar til det oppsette budsjettet.

Kvifor støtte no?

Sjølv om prosjektet å sjå til utviklar seg sakte, meiner fylkesdirektøren at retninga det no tek, er rett. Det blir lagt vekt på at prosjektet no vil lage tillitsvekkande presentasjonar i form av video og oppdatert webside for å presentere prosjektet som det er: Ei rotekke norsk historie med eit manus av internasjonalt format. Manuset ligg også føre på engelsk, noko som er viktig. «It is a matter of timing» er eit omgrep som blir brukt ofte, og mykje tyder på at tida er rett for eit prosjekt av denne typen. Det var ikkje tilfelle før mellom anna «Vikings» tok av som underhaldning.

Regionale utviklingsmidlar skal tene som «ein dytt framover» for prosjekt som treng slik assistanse for å lukkast. Slik sett treng «Hemnen» støtta dei får meir enn dei fleste, men vi reknar no med at vi kan vere framme ved eit punkt der kommersielle aktørar tek over.

4.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår til å stø søknaden frå Leggbit as om tilskot på kr. 100 000 til vidare arbeid med Hemnen. Tilskotet blir gitt med atterhald om at Hyllestad kommune yter sin del av finansieringsplanen.

5. NIBIO-Forskningsmidlar til jordbruk og matindustri

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne McEvoy)

5.1 Bakgrunn

Vi har motteke ein førespurnad om å medverke økonomisk til eit forskingsprosjekt frå NIBIO. I brevet er det skissert eit prosjekt med førebels tittel «Fornyng av langvarig eng sett i produksjons-, klima- og kostnadsperspektiv». I 2014 vart det fremja ei projektskisse som var mykje lik denne, fylkeskommunen støtta prosjektet, men innvilga ikkje søknad om midlar. Projektskissa som no ligg føre har større fokus på fornyng av eng, prøvd ut i feltforsøk ulike stader, men der dei langvarige forsøka på Særheim og Fureneset også er ein sentral del av forsøka og prosjektet. NIBIO vil søke midlar som vert lyst ut til kompetanseprosjekt for næringslivet (KPN) frå «Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri» (tidlegare FFL/JA). For å kunne søke er det eit krav om minimum 20% medverknad i finansiering frå næring og region og difor tek dei kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er skissert ei finansiering frå fylkeskommunen på om lag kr. 75 000 pr. år i 4 år frå 2016, og kr. 50 000 i 2020 då prosjektet skal vere slutført. Totalt kr. 350 000.

5.2 Nærare omtale

Det er jord- og klimatilhøve på Vestlandet som gjer det meir utfordrande med engfornyng enn elles, dertil helling og arronderingsmessige tilhøve. Problemstillinga i denne projektsøknaden har sterk relevans for det grovfôrbaserte landbruket på Vestlandet, men også for store deler av Nord-Noreg. Dei tre fylka på nordvestlandet produserer om lag 320 millioner liter mjølk (2014) og som utgjer om lag 21% av mjølkeproduksjonen i Noreg. Landsdelen står for om lag 20% av grovfôrbasert kjøttproduksjon. Grovfôrarealet svarar til 20% av grovfôrarealet i landet, og 95% av jordbruksarealet i dei tre fylka (H, SF,MR). Sogn og Fjordane og nordvestlandet har dei seinaste åra hatt nedgang i landbruksareal i eit større tempo enn resten av landet. Problemstillingane som det vert fokusert på i projektsøknaden (jfr. delmål) samsvarar bra med regionalpolitiske mål for landbruket.

5.3 Vurdering

Fylkeskommunen la inn ein betydeleg innsats i vår med å redde Fureneset frå nedlegging, som ein lukkast med. På eine sida kan ein seie at vi bør følgje opp dette ved å bidra til at dei kan fortsette arbeidet i NIBIO og på Fureneset. På den andre sida kan ein stille spørsmål om det er rett at fylkeskommunen skal vurdere søknaden, eller om dette ei sak for Fylkesmannens landbruksavdeling. Førespurnaden er sendt til alle vestlandsfylka og i ein artikkel i Bondebladet (16.7.2015) står det at så langt har Rogaland fylkeskommune forplikta seg til å bidra med kr. 1 million årleg i tre år.

Det er sett av kr. 300 000 i budsjettet til landbruk i 2015. Til no er det brukt kr. 40 000.

5.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring til å stø søknaden om forskningsmidlar til fornyng av eng. Det vert teke atterhald om at dei andre vestlandsfylka også stø søknaden.

6. Tilskot - fiskehandlarnettverk i «Smak av kysten»

(Sakshandsamar: Lena Søderholm)

6.1 Bakgrunn

Oppdatert søknad frå Matarena AS vart registrert på regionalforvaltning.no den 11.08.15. Det vert søkt om eit tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr. 150 000 for eitt år (september 2015-september 2016). Hordaland fylkeskommune er også søkt om støtte på kr. 250 000. Totalt budsjett er på kr. 1,3 millionar. der 31 % er offentleg finansiering.

Søknaden gjeld utviding av det allereie eksisterande nettverket «Smak av kysten» som består av 72 bedrifter innan den marine verdikjeda. Her er det bedrifter frå fiskemottak, produsentar og grossistar, men med hovudvekt på restaurantar. Med langsiktig fokus på kompetanse og samarbeid har «Smak av kysten» kontinuerlig jobba med å utvikle mangfald og kvalitet av norsk sjømat på restaurantane.

6.2 Nærare omtale

«Smak av kysten» skal auke bruken av norsk sjømat i sesong, nye tilberedningsmetodar og ikkje minst bidra til å sikre en større variasasjon av råvarer til serveringsstandane. Hovudmålsettinga er ein årlig auke i sal av sjømat på min. 5 % på restaurantane, noko som er innfridd så langt.

Norsk Sjømatsenter har stått bak nettverket som vart etablert i 2007. Fra 1. mai i år er det Matarena AS som står for prosjektleiinga og som difor søker om støtte til etablering av eit nettverk for fiskehandlarar.

På bakgrunn av interesse frå og erfaringer med einkilde fiskehandlarar vart det sett igang eit forprosjekt finansiert av Hordaland Fylkeskommune der føremålet var å *kartlegge potensialet for å etablere ei ny grein i «Smak av kysten»: Eit fiskehandlarnettverk*. Forprosjektet synte at det er grunnlag for å etablere eit nettverk basert på medlemmer som representerer fiskehandlarar frå heile landet.

Målsetting med prosjektet

Målet er å etablere eit fagnettverk av 10-15 utvalde fiskehandlarar som gjennom kompetanseutvikling, samarbeid og produktutvikling skal bidra til auka omsettinga av sjømat, betre lønsemd og verdiskapning, samt auka attraktivitet for bransjen. Nettverket skal i oppstartsfasen etablerast i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Frå Sogn og Fjordane vil 3 aktørar som står for 5 utsal bli invitert med: Snorre Seafood, Måløy (3 butikkar), Askvoll Sjømat og delikatesser, Askvoll og O.L. Brekke, Stryn. I Hordaland er det 7 bedrifter som vert invitert med, medan det så langt berre er ei bedrift i Rogaland.

Kostnadsplan

Tittel	Sum
Prosjektleiing, etablering, revisjon (264t x 950,-)	250 000
Utvikling av kompetanseprogram, gjennomføring	290 000
Utvikling av studieturprogram / kvalitetsprogram	150 000
Kvalitetssikring (kr. 15 000,- per bedrift)	150 000
Reiseutgifter adm.	10 000
Reisestøtte til bedrifter i Sogn og fjordane	18 000
Eigeninnsats deltakarar (60 timer x 12 bedr. a kr. 600,-)	432 000
Sum kostnader	1 300 000

Finansieringsplan

Tittel	Sum
Medlemskontingent, eigenandel deltakeravgift kompetanseprogram (snitt kr. 10 000,- per bedrift) x 12	120 000
Eigeninnsats deltakarar (60 timer x 12 bedr. a kr. 600,-)	432 000
Hordaland Fylkeskommune	250 000
Sogn og fjordane Fylkeskommune	150 000
Eigenandel deltaking på ulike aktivitetar (10.000,- pr. bedrift)	100 000
Eigeninnsats styringsgruppe (267 timer x 600,-)	160 000
Eigeninnsats Matarena	88 000
Sum finansiering	1 300 000

6.3 Vurdering

Fylkeskommunen har tidlegare finansiert «Smak av kysten» – restaurantnettverket, og har god erfaring med prosjektleiinga sin innsats med oppbygging og drift av dette hovudnettverket. Denne prosjektleiaren vil halde fram i den nye organisasjonen Matarena AS, og det er grunn å tru at det solide arbeidet vil bli vidareført her.

Det er lagt opp til at nettverket skal vere sjølvfinansierende etter den eittårige oppstartshjelpa frå fylkeskommunane.

Dei samla administrative kostnadane i prosjektet er høge. Erfaringa frå tidlegare fasar i det eksisterande nettverket syner at det krev aktiv innsats over tid og tett oppfølging i ein oppstartsfase. Fylkeskommunen ynskjer likevel at større del av midlane skal gå direkte til bedrifter i form av reisestøtte eller lågare eigendel for deltaking på ulike prosjektaktivitetar. Vi ynskjer at budsjettposten for reisestøtte/reduisert deltakaravgift på aktivitetar vert auka til kr. 50 000 for bedrifter frå vårt fylke for å kompensere for lang reisetid og ditto kostnadar. Denne var i søknaden budsjettert til kr. 18 000, og utgjer ei endring på kr. 32 000 for denne budsjettposten. Auken kan kompenseras ved å redusere ein eller fleire av budsjettpostane over på kostnadsplanen tilsvarende sum (kr. 32 000).

6.4 Tilråding

Fylkesdirektør for næring rår difor til at Sogn og Fjordane fylkeskommune stør prosjektet med den omsøkte summen føresett endringar i budsjettposten som omtalt over.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil stø prosjektet fiskehandlarnettverk i «Smak av kysten» med omsøkt sum, inntil kr. 150 000. Det vert teke atterhald om følgjande:

- At Hordaland fylkeskommune bidreg med omsøkt sum etter budsjettet. Vert denne avkorta, vil også vi vurdere å avkorte vår stønad til prosjektet med tilsvarende prosjektsats. Midlane skal hentast frå disponible midlar frå næringsfondet.
- At budsjettposten for direkte reisestøtte til bedrifter frå Sogn og Fjordane vert auka frå 18 000 til 50 000. Dette kan kompenseras med tilsvarende avkorting i administrative utgifter.

7. Utvikling av nettportalen – Bu i Sogn og Fjordane

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

7.1 Bakgrunn

Flora kommune søker om kr. 525 000 til å utvikle ein nettbasert kartportal for Sogn og Fjordane. Dette er ei vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen *Bu i Sunnfjord*.

7.2 Nærare omtale

Det er utvikla og utarbeidd eit innovativt digitalt kartbasert orienteringsverktøy med namn *Bu i Sunnfjord*. Dette er tenkt som eit verktøy for eksisterande og nye bebuarar til å finne samordna informasjon om tenester og tilbod i området. Denne portalen hentar data frå eksisterande databaser og presenterer dei i kart. Desse data er: Bustader til sals, ledige stillingar, skular og barnehagar, andre offentlege tenester, kultur- og aktivitetstilbod (basert på opne bidrag). Dette verktøyet er no tenkt utvida til å gjelde heile Sogn og Fjordane.

Historikk/tidlegare vedtak

Flora kommune fekk i HPN sak 43/14 tilskot på kr. 75 000 til ferdigstilling av forprosjekt av *Bu i Sunnfjord*. det var den gongen konkludert med at ein ville støtte dette prosjektet fordi at det kunne vere ein god måte å kommunisere ut kva tilbod og mulegheiter det var i regionen.

Prosjekt mål

Utvide og vidareutvikle orienteringsverktøyet *Bu i Sunnfjord* til å gjelde heile Sogn og Fjordane.

Forankring

- Sentrale mål i ulike regionale og lokale planar.
- Interkommunalt plansamarbeid i Sunnfjord (SIS).

Tidsplan

Frå januar 2012 til desember 2015.

Kostnadsplan

Tittel	Sum
Plagruppemøter	260 000
Teknologiutvikling Pixelwerk 2012-2015	525 000
Prosjektsekretær/prosjektleiing	200 000
Teknologiutvikling Pixelwerk*	525 000
Sum finansiering	1 510 000

*)utviding av prosjektet

Finansieringsplan

Tittel	Sum
Miljødepartementet	300 000
Fylkeskommunen	75 000
Kommunale næringsfond	150 000
Eigeninnsats SIS-kommunane	460 000
Fylkeskommunen*	525 000
Sum finansiering	1 510 000

*)utviding av prosjektet

7.3 Vurdering

Prosjektet kan etter fylkesdirektøren si vurdering vere med å støtte opp om måla i verdiskapingsplanen om auke folketalet og lette rekruttering av arbeidstakarar gjennom å kommunisere kva tilbod som finst i regionen.

Det er eit tilretteleggande tiltak som etter fylkesdirektøren sin vurdering treffer godt innanfor kriteria som er sette for bruken av regionale utviklingsmidlar, her kan vi kort nemne kompetanseheving og marknadsarbeid. Tiltaket vil også ha ein regional effekt.

Det er eit vilkår for fylkeskommunal deltaking at prosjektet kan vidareførast til andre kommunar i Sogn og Fjordane utan ekstrakostnader ut over reine variable tilleggskostnader.

7.4 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår at Flora kommune får eit tilskot på kr. 525 000 til vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen Bu i Sunnfjord til ein nettportal for heile Sogn og Fjordane. Tilskotet blir dekkja med disponible midlar frå utviklingsfond-næring.

8. Avtale mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015 – 2017

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

8.1 Bakgrunn

Fylkeskommunen har i to treårsperiodar finansiert ein utviklingsavtale med Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Føremålet er å utvikle institusjonane på fagområde som også er viktige for utviklingsarbeidet i fylket vårt. Denne saka handlar om å fullfinansiere ein avtale for 2015-2017.

Kunnskapsutvikling er eit viktig verkemiddel for regional utvikling. Konkurransedyktige næringsmiljø er kjenneteikna av samhandling av høg kvalitet mellom kunnskapsmiljø, offentleg forvaltning (verkemiddelapparatet) og bedrifter. Utviklingsavtalen bygger på ei slik felles forståing av kunnskapsutvikling og skal medverke til langsiktig kunnskapsbygging og –formidling på område som er sentrale for Sogn og Fjordane.

Samarbeidsavtalane har vore forankra i arbeidet med regional utvikling i Sogn og Fjordane slik dette er prioritert i gjeldande regionale planar og ev. i arbeidet med utvikling av nye. Føremålet har i tråd med dette også vore å medverke til institusjonsutvikling ved HiSF og VF.

Målet med avtalen inngått i 2015 er primært innretta mot ei målsetting om å styrke regional relevans innan FoU-aktiviteten. Avtalen er derfor sterkt knytt opp mot verdiskapingsplanen og FoU-institusjonane som partnerar i dette arbeidet.

8.2 Nærare omtale

I perioden er det prioritert følgjande aktivitet:

- Samarbeid om gjennomføring av satsingar og program
- Samarbeid om internasjonalisering
- Verktøykasse for utvikling av innovative nettverk

Samarbeid om gjennomføring av satsingar/program

Intensjonen med eit samarbeid er:

- Utvikle resultatinformasjon som gir styringsstøtte på prosjekt-, program og satsingsnivå for partnerskapsarbeidet.
- Utvikle resultatinformasjon som er kvalitetssikra både fagleg og pedagogisk.
- Resultatinformasjonen med ein kvalitet som kan brukast i ulike forskingsaktivitet utanom denne avtalen.
- Intensjonen er at resultatinformasjonen kan gi grunnlag for å vurdere avvik (gap) mellom mål og faktisk utvikling og med basis i dette kunne vurdere trong for forskning.

Konkret aktivitet er avtalt innan desse arbeidsområda:

- Ei nullpunktanalyse for satsinga kunnskap
- Resultatinformasjon for bransjesatsingane i verdiskapingsplanen

Samarbeid om internasjonalisering 2016 -2017

HiSF og VF skal styrke eiga evne til å delta i internasjonale forskingsprogram (særleg Horisont 2020) og i Interreg og Erasmus+ i den grad desse programma kan medverke til testing, dokumentasjon og overlevering av FoU.

Ein føresetnad for denne avtalen er at dei to institusjonane set av midlar til løpande driftsoppgåver. Utviklingsavtalen er eit supplement for å finansiere konkret arbeid med føremål å utvikle evne til prosjektutvikling og prosjektgjennomføring. Det vert føresett at tiltak er knytte til relevant utviklingsarbeid i Sogn og Fjordane. Målet er såleis både å auke talet på internasjonale prosjekt forankra i regionale planar og å auke partnerskapen med vekt på HiSF og VF si evne til å delta i EU-prosjekt.

Verktøykasse for utvikling av innovative nettverk

Utviklinga av verktøykassen vart påbyrja etter at Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennomførte eit forskingsprosjekt med tittel "Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar". Prosjektet var finansiert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Norges Forskningsråd. Dei funna som ein gjorde her har ført til definering av eit sett ved verktøy som kan nyttast i arbeid med innovative nettverk og innovasjonsprosessar på tvers av bedrifter. Dette arbeidet er kome noko på veg og eit førebels notat er sendt til oppdragsgjevar (Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane). Det står likevel att ein del analysearbeid og det er difor behov for finansiering til å slutføra dette.

Finansiering i 2015

Aktivitet i utviklingsavtalen vert fullfinansiert og intensjonen er å drøfte ein ny avtale årleg så lenge alle partane finn aktiviteten føremålstenleg.

Finansieringsplan for heile treårsperioden for aktivitet avtala i 2015:

Tittel	Finansieringskjelde		
Aktivitet	Fylkeskommunen	Høgskulen	Vestlandsforsk.
0-punktanalyse - kunnskap	650 000	100 000	
Resultatinformasjon	500 000	100 000	
Internasjonalisering	600 000	Driftsfinansiering	Driftsfinansiering
Verktøykasse - nettverk	200 000	30 000	
Sum	1 950 000	230 000	

8.3 Vurdering

Fylkesdirektøren har i forhandlingane om avtalen lagt vekt på å trekke dei to FoU-institusjonane tett på arbeidet med verdiskapingsplanen. Profilen på denne avtalen er å medverke til å styrke institusjonane sin kunnskap om fylket. Grepet er å auke aktiviteten i dei to institusjonane knytt til kunnskapsutvikling om arbeid prioritert i verdiskapingsplanen.

Avtalen er no utforma slik at vi fullfinansierer den aktiviteten vi vert samde om. Intensjonen er ein ny avtale med nye aktivitetar i ein ny treårsperiode finansiert i 2016.

Avtalen for 2015 vert finansiert med midlar sett av til satsinga kunnskap.

8.4 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår at fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen for 2015 – 2017. Arbeidet vert formelt knytt til satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen.

9. Tilleggsøyving til eksisterande prosjekt marine grunnkart

(Sakshandsamar: Elisabeth Aune)

9.1 Bakgrunn

Avdelingane for plan og samfunn (PSA) og næring (NA) søker hovedutvalget om tilleggsbevilging på kr. 39 650, til prosjektet Marine Grunnkart.

Historikk/tidlegare vedtak

Fylkesutvalet vedtok 11. juni 2014 i sak 21/14 ei delfinansiering på kr. 1 270 000 til prosjektet Marine grunnkart i Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Fylkeskommunen har sette av kr. 1,270 millionar. Fordelt på kr. 400 000 frå Marint Verdiskapingsfond og kr. 870 000 frå restmidlar plan- og samfunnsavdelinga.

9.2. Nærare omtale

På vedtakstidspunktet var det ikkje klart kva for næringar som ville bidra inn i prosjektet, og ein fordelingsnøkkel var ikkje forhandla fram.

Ulike marine næringsaktørar vart spurde om finansiering, men berre aktørar frå oppdrettsnæringa var villige til å bidra økonomisk; Marine Harvest Norway AS, Steinsvik Fiskefarm AS, K. Strømmen Lakseoppdrett AS, Marø Havbruk AS, Karstensen Fiskeoppdrett AS og Nordfjord Forsøksstasjon AS. I utgangspunktet var det budsjettert med eit bidrag på samla kr. 700 000 frå næringa, men etter mange rundar for å finne ei rettvis fordeling mellom aktørane kom vi til slutt ut med ein manko på kr. 39 650.

Sak om tilleggsøyving burde vore lagt fram for hovudutvalet før oppstartsmøtet som ble arrangert i Florø 11. februar 2015, men på grunn av overføring av prosjektet frå sakshandsamar hjå plan og samfunnsavdelinga til næringsavdelinga rundt denne datoen, vart denne saka dessverre aldri førebudd.

Etter oppstartsmøte ble avtale mellom kommunane, oppdrettarane og fylkeskommunen undertekna, i god tru om at prosjektet var fullfinansiert. I etterkant er vi blitt merksame på at vi manglar vedtak på restfinansieringa på kr. 39 650.

Tittel	Fylkesting sak 21/14	Justert
Sog og Fjordane fylkeskommune	1 270 000	1 309 650
Selje	175 000	175 000
Vågsøy	175 000	175 000
Flora	350 000	350 000
Bremanger	350 000	350 000
Næring	700 000	660 350
Norges Geologiske Undersøkelse	3 000 000	3 000 000
Sum	6 000 000	6 000 000

9.3 Vurdering

Prosjektet er no godt i gang. Norges Geologiske Undersøkelse har allereie gjennomført eit kartleggingstokt, og arbeidet blir gjennomført etter planen. Det er difor avgjerande at prosjektet er fullfinansiert.

9.4 Tilråding

Hovudutval for plan- og næring gir ei tilleggsbevilging til prosjektet Marine Grunnkart på kr. 39 650, samla bevilging kr. 1 309 650. Tilleggsøyvinga finansieras frå Marint Verdiskapingsfond som pr. dato har ein restkapital på vel kr. 3 millionar før årets utlysing.

10. Søknad om midlar til midlertidig drift av Norsk Sjøfuglsenter

(Sakshandsamar: Svein Arne Skuggen Hoff)

10.1 Bakgrunn

Drifta av Norsk Sjøfuglsenter går med underskot og det er behov for å vurdere drifta og organisasjonsmodellar for ei mogleg vidareføring. Styret har vedteke å søkje om driftstilskot for å kome gjennom ein vanskeleg periode og sjå om senteret er liv laga.

10.2 Nærare omtale

Styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter har sidan opninga i 2012 arbeidd for å få til ei langsiktig finansiering av drifta av Norsk Sjøfuglsenter. Styret har levert to søknader om autorisasjon til Direktoratet for naturforvaltning, no Miljødirektoratet, ein i 2011 og ein i 2012. Ingen av søknadane vart imøtekomne. I 2013 og 2014 har ikkje direktoratet gitt høve til å søkje om slike driftstilskot til nye einingar (autorisasjon), men det er no varsla ny søknadsrunde for autorisasjon av eit informasjonssenter i 2015, med søknadsfrist no i sommar. Styret har i møtet 26. mai 15 vedteke å sende inn søknad, sjølv om sjansane er små fordi det er mange om beinet og i gangsett aktivitet tel sterkt i konkurransen.

Midlane skal bli nytta til lokale prosessar for å finne ut av moglege samarbeid med andre aktørar om ei vidare drift og utvikling av verksemda.

Det er og ein dialog med fylkesmannen som så langt har vore ein viktig finansiell part gjennom betaling for utføring av oppgåver på vegne av fylkesmannen i samband med dei nærliggande verneområda.

Totalt søkjer dei no om kr. 250 000 frå stiftarane, der dei ber om at tilskota vert fordelt etter del av grunnkapitalen. Fylkeskommunen var inne med 40 % av stiftingskapitalen. Dette er utgangspunktet for at vår del av søknaden blir på kr. 100 000.

10.3 Vurdering

Senteret har vore ein viktig lokal aktør for å få til samarbeid og samhandling mellom private og det offentlege, og det er skapt ei rad positive resultat.

Fylkeskommunen var ein av stiftarane av sjøfuglsenteret og har ein vald representant i styret (Anders Ryssdal). Heile styret står bak søknaden.

Søknaden er ein søknad om driftsstøtte for ei svært avgrensa periode. Dette er eit føremål vi normalt ikkje støttar. Norsk Sjøfuglsenter har kome i ein vanskeleg situasjon og dei treng økonomi for å gå gjennom ein kort omstillingsfase for å finne ut av vidare drift og utvikling.

Dersom fylkeskommunen skal gå inn å støtte drifta for ein periode, er det for å vise ansvar i høve at vi og var ein av stiftarane, og at vi meiner det var rett å prøve ut dette konseptet. Om det skulle vise seg at det ikkje er mogleg å drive vidare er det viktig at det vert avslutta på ein ryddig måte.

10.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere følgjande vedtak:

Norsk Sjøfuglsenter får støtte på kr. 100 000 til å gjennomføre ein omstillingsprosess som avklarar framtidig organisering og drift, i samarbeid med lokale og regionale partar.

11. Søknad om tilskot til prosjektet «Grøn skule»

(Sakshandsamar: Elisabet Kjerstad Bøe)

11.1 Bakgrunn

På vegne av aktørar i Gloppen kommune søker Firda vidaregåande skule Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 200.000 for åra 2015 til 2017 til prosjektet «Grøn skule». Prosjektet skal bidra til å utvikle eit nytt fellesfag i klima og miljø, som vert ein pilot i den norske skulen, og bidra til det grønne skiftet i lokalsamfunnet. Prosjektet vert òg testarena for ein klimaundervisningspakke, som vert utforma i samarbeid mellom Firda vidaregåande skule, Norsk Bremuseum i Fjærland, 4H Sogn og Fjordane, United World College i Fjaler og Sogn og Fjordane fylkeskommune, med støtte frå Den Naturlege Skulesekken.

11.2 Nærare omtale

Firda vidaregåande skule og Gloppen kommune har saman med fleire barnehagar, skular, næringsliv og offentlege aktørar sett i gang eit toårig prosjekt som er kalla «Grøn skule». Prosjektet skal ta det grønne skiftet inn i heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande opplæring, og gjere Gloppen til ein pionerkommune i utvikling av eit nytt fellesfag i klima og miljø. Målet er å nøste opp den «grønne tråden» frå barnehagen til vidaregåande skule, og med forgreiningar til næringsliv og samfunnsaktørar elles i lokalsamfunnet.

I tillegg ynskjer Firda vidaregåande skule å utvikle og tilby eit nytt programfag i klima og miljø frå hausten 2016, med fornybar energi som sentralt element. Skulen skal vere motor og leiar i prosjektet, mellom anna ved å tilby «forskarskulen» på Newtonrommet på skulen, til barnehagar og skular i kommunen. Grunnskulen i Gloppen kommune skal i særleg grad ta i bruk «uteklasserommet» for å gje elevane innsikt, kunnskap og haldningar i kretsløp og berekraft i naturen.

Målet med prosjektet er å tilby komande generasjonar kunnskap om klimatilpassing og overgang til fornybarsamfunnet, samt å jobbe breitt, innovativt og inkluderande for det grønne skiftet i lokalsamfunnet. Ved å spele på lag med lokalt næringsliv, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen (Bjerknessenteret) Cicero og Bremuseet i Fjærland, kan prosjektet også bli ein kime til grønt entreprenørskap og nyskaping. I tillegg ynskjer Gloppen kommune å formidle den kunnskapen ein får frå prosjektet til andre kommunar, skular, barnehagar og næringslivsaktørar i fylket som vil bidra konkret til det grønne skiftet.

Rektor Hallgeir Hansen ved Firda vidaregåande skule og oppvekstsjef Olav Fure i Gloppen kommune eig prosjektet, som er forankra i Opplæringsutvalet i fylkeskommunen og Oppvekstutvalet i Gloppen kommune. Det er sett av ei 50% prosjektstilling som skal følgje opp prosjektet i barnehagane, skulane og lokalsamfunn. Søkjar har lagt ved prosjektplan med oversikt over delprosjekt, aktivitetar, organisering, budsjett og finansieringsplan.

11.3 Vurdering

Prosjektet har identifisert fleire mål og arbeidsmåtar som samsvarar godt med fylkeskommunen sitt arbeid med klima og miljø i lokalsamfunna, berekraftig næringsutvikling og fokus på miljøspørsmål innanfor opplæring. Det er vidare eit pluss at søkjar ynskjer å vere eit førebilete for andre og legg vekt på formidling av kunnskapen dei tileignar seg. Prosjektet er godt forankra lokalt, og med ei breitt samansett styringsgruppe med representantar frå regionale aktørar.

Dei har òg takka ja til å vere pilot for utprøving av fylkeskommunen og samarbeidspartar sitt klimaundervisningsopplegg, delfinansiert gjennom Den Naturlege Skulesekken. Dette er positivt med tanke på vidareføring av læringsutbyttet og arbeidet til fylkeskommunen med klima- og miljøkunnskap innanfor vidaregåande opplæring.

11.4 Tilråding

Fylkesdirektør for Plan og samfunn gjev tilråding om at prosjektet «Grøn skule», ved søkjar Firda vidaregåande skule, vert støtta med 200 000,- kr frå utviklingsmidlar for klima og miljø, tenestemråde 7163.

12. Tilrådingane frå fylkesdirektørane

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Ungt Entreprenørskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane får kr. 65 000 i tilskot til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar.
- 2 Framtidsfylket AS vert støtta med kr. 200 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.
- 3 Hovudutvalet godkjenner det endra opplegget for «Tredrivaren». Det vert teke atterhald om forhandling av avtaler mellom partane.
- 4 Leggbit AS vert støtta med kr. 100 000 til vidare arbeid med filmprosjektet «Hemnen». Tilskotet vert gitt med atterhald om at Hyllestad kommune yter sin del av finansieringa.
- 5 NIBIO vert støtta med inntil kr. 300 000 samla i forskingsmidlar til jordbruk og matindustri i perioden 2016-2020. Det vert teke atterhald om at dei andre vestlandsfylka også støttar søknaden.
- 6 Matarena AS vert støtta med inntil kr. 150 000, til prosjektet «Smak av kysten». Dette under følgjande føresetnader:
 - At Hordaland fylkeskommune bidreg med omsøkt sum etter budsjettet.
 - At budsjettposten for direkte reisestøtte til bedrifter frå Sogn og Fjordane vert auka frå kr. 18 000 til kr. 50 000.
- 7 Flora kommune får eit tilskot på kr. 525 000 til vidareutvikling av den nettbaserte kartportalen *Bu i Sunnfjord* til ein nettportal for heile Sogn og Fjordane.
- 8 Fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen for 2015-2017.
- 9 Avdelingane for plan- og samfunn og næring får tilleggsbevilling til prosjektet Marine Grunnkart pålydande kr. 39 650.
- 10
 1. Tilskot til Høgskulen i Sogn og Fjordane, Framtidsfylket AS, Flora kommune, Leggbit AS, Matarena AS og NIBIO vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2015/utviklingsfond næring.
 2. Utviklingsavtalen vert finansiert over budsjett 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
 3. Tilleggsløyving til prosjektet Marine Grunnkart vert finansiert med midlar frå Marint Verdiskapingsfond.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 11 Norsk Sjøfuglsenter får ei løyving på kr. 100 000 for å omstille drifta og finne fram til tenlege organisasjonsformer for aktivitetar som skal førast vidare.
- 12 Firda vidaregåande skule får løyving på kr. 200.000 totalt for åra 2015-2017 til å utvikle eit nytt fag i klima og miljø i den norske skulen.
- 13
 1. Tilskot til Norsk Sjøfuglsenter vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid.
 2. Tilskot til Firda vidaregåande skule vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7163 Klima og miljø.

